



Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	J.post id.	Arkiv	Dato
201401408	14/932-2	14/9400	N-654.2/	22.09.2014

Høyring av melding om auka slukeevne og overføring av vatn til Indre Jåstadelvi og Kvednhusbekken kraftverk - Ullensvang herad.
Tilbakemelding frå Ullensvang herad på søknad

Me viser til brev frå NVE med høyring på auka slukeevne og overføring av bekk på Jåstad. I brevet frå NVE ber dei heradet gje tilbakemelding på forhold som kan ha innverknad på prosjektet som t.d. friluftsliv, kulturminne, verdfulle naturtypar, raudliste artar, og informasjon om vilt. Det vert også bede om opplysningar kring planstatus, eksisterande vassuttak m.m.

§ 8.(kunnskapsgrunnlaget)

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

Miljøvurderingar

Administrasjonen har vurdert søknaden ut i frå tidlegare søknad (2007) og i samband med innsamla data til kommuneplanarbeidet. I tillegg er data sjekka opp mot Miljøstatus, september 2014. Administrasjonen har ikkje funnet informasjon som gjer at tiltaket vert råka av kjende allmenne interesser. Administrasjonen meiner at vurderingsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å gje uttale.

Området som vert søkt om innlemma i vasskraftprosjektet, er lite i utstrekning (ca. 1200 m²). Det er i samband med tidlegare søknad gjort undersøkingar, for å avklare moglege konflikhtar med allmenne interesser. Område ligg i øvste del av ein granplanting. Det er også skogsvegar i området.

Vurderingar:

Friluftsliv – ingen kjente konflikhtar

Kulturminne / kulturmiljø – ingen kjente konflikhtar


Inonområde – tiltaket ligg utanfor buffersone (1 km) og vil soleis ikkje føre til reduksjon

Verdfulle naturtypar – ingen kjente konflikhtar



Raudliste artar – det er ikkje registrert raudlisteartar i eller i nærleiken av tiltaksområdet
Vilt – tiltaket vil ikkje få vesentleg negative konsekvensar for vilt
Grunnvatn – ingen kjente konflikthar
Landskapsbilete – område vil verta synleg i anleggsperioden. Erfaring syner at naturen skjuler desse inngrepa raskt.

Planstatus



Utsnitt frå kommuneplan vedteken i 2011. Det nye tiltaket ligg i LNF området. Vassdraget er vist som LNF- spreidd næring - vasskraftutbygging. Området nedanfor med skravur er omsynssone 11-8 c landbruk.

Tiltaket treng dispensasjon frå kommuneplanen. Heradet har i kommuneplanen sin arealdel, lagt inn det arealet som det var søkt konsesjon om /fritak for konsesjon etter vassressurslova som LNF – spreidd næring – vasskraftutbygging. Det har i ettertid av godkjenninga av kommuneplanen vore naudsynt med mindre justeringar i arealbruken. Dette kan vera grunnar som i denne søknaden, utviding av produksjonen eller andre grunnar som t.d. betre løysingar på utbygginga. Heradet har vore positive til slike søknader, dersom fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene.

Andre tilhøve

Riksantikvaren har på høyring sak om Nasjonale viktige kulturlandskap. Sørfjorden i Ullensvang er eit av områda som det er fremja framlegg til. Området er tenkt vist som omsynssone. Sjølv om dette arbeidet er i ein utgreiingsfase, er hovudføremålet med framlegget å sikra at det ikkje vert gjort store inngrep som endrar landskapsbiletet. Ullensvang herad er positiv til denne registreringa, men vil ha drøftingar med Riksantikvaren på vilkåra som skal setjast til omsynssona. Slik administrasjonen tolkar dette tiltaket, vil det ikkje føre til vesentlege endringar av kulturlandskapet.

Etter ein samla vurdering er Ullensvang herad positiv til søknad om auka slukeevne og overføring av bekk til Indre Jåstadelvi og Kvernhusbekken. Dersom NVE legg opp til synfaring, vil heradet ta del i denne.

Brevet vert sendt som e-post og er derfor utan underskrift. Kopi av brevet vert sendt til NVE i Førde.

Med helsing
Ullensvang herad

John Ove Rørnes
Nestleiar Nærings- og utviklingsetaten

Sakshandsamar sin tlf: 53671589
Sakshandsamar si e-postadr.: joro@ullensvang.herad.no

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland - Miljøvernavdelinga	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune regionalutviklingsavdelinga	Planseksjon	5020	BERGEN
Jåstadkraft	v/Styreleiar Øyvind Svartveit	5777	GRIMO
NVE - Region Vest Arkiv og kopibok	pb. 53	6801	FØRDE